



DEN NORSKE KYRKJA
Dovre kyrkjelege råd

MØTEBOK – DOVRE KYRKJELEGE RÅD

Møtedato	Møtestad
Onsdag 8. november 2023 kl. 18.00- 22.10	Dovre ungdomsskole/Dombås krk.

TIL STADES PÅ MØTET

Med stemmerett:

Dovre sokn: Helle Hundevadt, Wenche Håvelsrød, Ann Kristin Moldal og Else Karin Stigen

Dombås sokn: Siw Anita Kvatningen, Inger Pauline Gravem, May Britt Storhei og Gro Anita Myhren

Prest: Bente Sverdrup

Kommunerepr.: Knut Nytun.

Med tale- og forslagsrett:

prosjektleder Elin Marit Andgård og fung. kyrkjeverge Steinar Grønn,

Med talerett: Erik Langdalen (sak 66 og 67).

SAKER TIL HANDSAMING

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

SAK 65/23 NYE DOMBÅS KYRKJE - STATUS, ØKONOMI, FRAMDRIFTSPLAN

SAK 66/23 NYE DOMBÅS KYRKJE - STOLAR, KNEFALL OG BRUDESTOLAR

SAK 67/23 NYE DOMBÅS KYRKJE - VALG AV KUNSTNERE

SAK 68/23 NYE DOMBÅS KYRKJE - OPNING

SAK 69/23 GUDSTENESTEPLAN 2024

SAK 70/23 VALG AV UTVALG OG KOMITEAR

SAK 71/23 SUPPLERINGSVALG: Kunstgruppa og innsamlingskomite

SAK 72/23 BUDSJETT-2024 OG ØKONOMIPLAN 2024-27

SAK 73/23 MØTEPLAN FRAM TIL SOMMEREN -24

SAK 74/23 REFERAT OG OREINTERINGER

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med underskrifta vår at det som er ført under saksnummer 65-74/23 er i samsvar med det som er vedtatt på møtet.

Ann Kristin Moldal
Gro Anita Myhren
May Britt Storhei
Bente Sverdrup
Else Karin Stigen

Inger Gravem
Knut Nytun
Siw Anita Kvatningen
Wenche Håvelsrød
Helle Hundevadt

Innkalling: 1. november 2023.

Hovedutskrift: Dovre kommune v/formannskap og rådmann, prost i Nord-Gudbrandsdal prosti, revisor.

SAK 65/23 NYE DOMBÅS KYRKJE - STATUS, ØKONOMI OG FRAMDRIFTSPLAN

Saksopplysninger på møtet:

Befaring i kyrkja.

Orientering om status, framdrift og økonomi.

Sak til neste rådsmøte: Synspunkt på «minnevegg»?

Innstilling:

Rådet tek orienteringa til etterretning.

Vedtak:

Rådet tek orienteringa til etterretning.

Rådet ønskjer ei breiare utgreiing av "minnevegg" til neste møte.

SAK 66/23 NYE DOMBÅS KYRKJE - STOLAR, KNEFALL OG BRUDESTOLAR

Saksopplysninger:

Vedlegg:

- Arkitektens redegjørelse valg av tekstil

Stoler

Viser til sak 61/23 (23. oktober 2023) med følgjande vedtak:

Rådet vel stolar fra møbelfabrikken Aksel Hansen, stoppa sete i grønt stoff og umåla treverk.


Det er bede om drøftingsmøte med biskop og riksantikvar i veke 44.

Knefall og brudestolar



Bilde av altar med knefall/altaring.

Gamle bilder syner at det tidlegare var stoff på knefallet og kneleskamlane. Det som vi kallar brudebenk og brudestolar var eit møblement som var gavé frå Christine Domaas Michelsen og Aksel Michelsen til Dombås kyrkje til opninga i 1939. På møblementet er bokstavene C og A samt årstallet 1905 skore inn. Vi trur at dette var bryllupsgåve til dei ut frå innskjæringane, det tidstypiske og at dei faktisk gifta seg i 1905. Christine var ein av ildsjelane for å få reist Dombås kyrkje.



Mykje tyder på at stolane hadde vove trekk slik som benken opprinneleg.

Brudestolar og brudebenk er reingjort og pussa. Benken er i furu og stolane i bjørk. Samme type beis med lakk vil derfor bli litt ulikt.

Arkitekt og prosjektleiar meiner at stoff på knefall, kneleskamlar og brudestolar er eit betre alternativ enn skinn med tankje på utforming, fargesval, reinhald og vedlikehald.

Tidlegare vedtak:

- Brudebenken blir restaurert med vove trekk (smettvev) slik som før brannen.
- Brudestolar, knefall og kneleskamlar får stofftrekk.
- Knefall/altarring bygd om til 3-delt knefall, sjå skisse.



Innstilling:

Arkitekt foreslår mørkt ullstoff med abstrakt mønster på knefall og kneleskamlar. Prøve blir lagt fram på møtet.

Brudestoler og brudebenk blir behandla med gyllen/mellombrun beis og deretter lakka. Brudestolar blir trekte med ullstoff, rustrød farge. Prøve blir lagt fram på møtet.

Saksopplysningar på møtet:

Arkitekt og rådets prosjektleiar hadde møte med representantar frå biskop og riksantikvar 3. november om val av stolar. Riksantikvar ynskjer at det blir spesialteikna stol til Dombås kyrkje og ber rådet vurdere valet ein gong til i ljós av denne informasjonen.

Møtehandsaming:

Forslag om å utsette handsaming om stoler til neste møtet vart nedstemt.

Rådet drøfta deretter ulike løysingar og gjorde eit einstemmig vedtak.

Vedtak:

Rådet ynskjer ikkje ei vidare utgreiing om «Dombås-stolen».

Rådet ynskjer stolar med god sittekomfort. Samt at dei lause stolane understøttar at Nye Dombås kyrkje skal være fleksibel og funksjonell. Stablebare, lette stolar som er enkle å flytte og som tåler slik handsaming, er viktig for å oppnå dette.

Rådet held fast på vedtaket sitt frå sak 61/23 om å velge den stablebare Jærstolen® Aksel med stoppa sete i stoff produsert av Aksel L. Hanson møbelfabrikk. Opprinneleg vedtok rådet synleg treverk med trekt sete i grønt. Rådet opnar for å velje grønnmåla stolar med beige trekk dersom Riksantikvaren og Biskopen meiner det er eit betre alternativ.

Rådet vedtok at brudestoler, knefall og kneleskamlar skal trekkjast med stoffet "Setesdal, 760 Wolly Jumper" frå Gudbrandsdal Ullvarefabrikk.

Rådet ber om ei utgreiing til neste møte om trekk til brudebenk ut frå leveringstid og kostnad, samt alternativt samme trekk som stolane (evt. som ei midlertidig løysing).

Rådet ønskjer at treverket på stolar og benk blir behandla slik at dei får ein gyllen overflate og deretter lakka.

SAK 67/23 NYE DOMBÅS KYRKJE - VALG AV KUNSTNERE

Saksopplysninger:

Vedlegg:

- Kunstplan
- Redegjørelse utvalg av kunstnere

Vedtak sak 12/23:

1. DKR oppretter en arbeidsgruppe som får i oppgave å forestå alt praktisk arbeid:
 - a. Utarbeide konkurranse-beskrivelse
 - b. Utlysning av konkurranse (prekvalifisering)
 - c. Anbefaling til rådet om valg av 3 eller 4 kunstnere
 - d. Sørge for utstilling
 - e. Framlegge en begrunnet innstilling til rådet om valg av kunstner
 - f. Følge opp arbeidet med utsmykningen
2. Arbeidsgruppen består av arkitekt Erik Langdalen (leder), Eli Nytrøen Lyngen (sekretær), Hans-Jacob Dahl, Jørgen Brandli, NN (person med kunstfaglig

kompetanse etter forslag fra arkitekt) samt en representant fra Lesja-Dovre kunstforening.

3. Rådet garanterer for finansiering av trinn 1 og 2, inntil kr 355.000,-.

Tor Lindrupsen er valgt som kunstkonsulent.

Lesja-Dovre kunstforening har valgt Greta Talleraas som sin representant.

Innstilling:

Saka blir lagt fram utan innstilling.

Møtehandsaming:

Arkitekt orienterte om prosess og innstilling frå kunstgruppa.

Namn på kunstnarar er unntatt offentlegheit inntil kunstnarane har fått beskjed om valget og stadfesta at dei vil være med.

Vedtak:

1. **Kunstplan:** Rådet ber om gjennomgang av kunstplanen i neste møte. Det nye rådet har ikkje fått tid til å setja seg inn i Kunstplanen. Denne skal gåast gjennom og bli handsama på neste rådsmøte.
2. **Antall kunstnarar:** DKR vedtek å velge fire kunstnarar. Ekstrakostnader blir dekt av total-budsjettet på kunstnerisk utsmykning.
3. **Valg av kunstnar:** DKR velg dei fire kunstnarane som kunstkomiteen har foreslått.

SAK 68/23 NYE DOMBÅS KYRKJE - OPNING

a. Kyrkjeklokker

Kyrkjeklokken vil være montert og kobla på strøm til ca 1. desember.

Rådet må drøfte og vedta når klokken skal lyde første gang etter brannen.

- Er det 1. søndag i advent?
- Skulegudstenester i Minneparken?
- Innringing til julehelga?
- Når kyrkja er ferdig og overtatt?

Dersom klokken skal brukast før opning, må rådet også vedta bruk fram til da

- Gudstenester Dombås
- Gravferd Dombås
- Høgtidsringing?

b. Opning

Opning av Dombås-kyrkja kan inneholde gudsteneste med kyrkjekaffe, konsert, ope hus med guiding o.l.

Etter det vi veit skal ikkje kyrkja vigslast på nytt, men det er naturleg å involvere biskop til den første gudstenesta.

Rådet har bundne fond som kan brukast til konsert.

- Kva tenkjer rådet om opningsprogram? Idemyldring.
- Forslag om komite som arbeider vidare: T.d. kantor, sokneprest, kyrkjeverge, prosjektleiar, Helle Hundevadt og to rådsmedlem i DKR frå Dombås (evt. eit medlem frå DKR 2029-23).
- Budsjettramme.

Innstilling:

Saka blir lagt fram utan innstilling.

Vedtak:

- a. **Kyrkjeklokker.** Disse skal lyde første gong julafoten. Soknepresten vurderer om det skjer i forbindelse med gudstenesta eller ved høgtidsringing. Etter dette skal klokkene brukast ved gravferder på Dombås. Dei skal ikkje brukast ved gudstenester på Dombås Hotell.
- b. **Opning.** Opning blir sundag 24. mars. Den første offisielle handlinga blir gudsteneste med biskopen. Elles ønskjer rådet at det skal nyttast lokale aktørar den første helga. Sokneprest følger opp samansettning av komite og kaller inn til møtet.

Informasjon i etterkant av møtet:

Følgjande går inn i komiteen for opninga: Kantor, sokneprest, prosjektleiar, rådsleiar Helle Hundevadt og Eli Nytrøen Lyngen (DKR 2019-23). Utkast til programplan blir lagt fram på neste møte.

SAK 69/23 GUDSTENESTEPLAN 2024

Saksopplysninger:

Vedlegg:

- 2024 - Gudstenesteplan

Forslaget ble behandlet i stabsmøte 18. oktober. Forslaget føljer i hovedsak same struktur som 2023, men med mindre justeringer.

Innstilling:

Dovre kyrkjelege råd vedtar framlagte gudstenesteplan for 2024

Vedtak:

Framlagte gudstjenesteplan med offerformål ble godkjent fram til 19. mai 2024.

SAK 70/23 VAL AV UTVAL OG KOMITEAR

Saksopplysninger:

Det er Dovre kyrkjelege råd som vel kva utval og komitear som dei ønskjer å ha, og kven som skal sitja i desse utvala. Førre periode har Dovre kyrkjelege råd hatt følgjande utval:

Gudstenesteutvalg (Gudstenesteliv, liturgi og kyrkjemusikk)
Sokneprest, kantor + 1 representant

Diakoniutvalg (planer og diakonale tiltak)
Diakon + 2 representanter

Kulturutvalg (konserter og pilegrimsdager)
Kantor + 2 representanter

Barne- og ungdomsutvalg (trusopplæring og andre tiltak blant barn og unge)
Sokneprest + 2 representanter

PR-utvalg (Pr-profil, kyrkjeblad, SoMe)
Sokneprest, kyrkeverje + 1 representant

Arrangementkomite (sommerope kyrkje, kyrkjekaffe, dugnader)
Kyrkeverje + 2 representanter

Saksutredning:

Rådsmedlemmene blir bedne vurdera kva utval/komitear dei ønskjer å bidra i.

Innstilling:

Kyrkeverja innstiller til same utval-struktur om i førre periode.

Vedtak:

Saken utsettes til neste møte.

SAK 71/23 SUPPLERINGSVALG: Kunstgruppa og innsamlingskomite

Saksopplysninger:

Dovre kyrkjelege råd har hatt ein representant i kunstgruppa og ein representant i innsamlingskomiteen. Begge disse representantane går no ut av rådet, og det må veljast nye.

Innsamlingskomite (innsamling til kunstnerisk utsmykning av Dombås kyrkje)
Steinar Botheim, Erlend Løkken, Per Thoresen, Åse Bentdal + 1 representant

Kunstkomite (val av kunstner til utsmykning av Dombås kyrkje)
Sokneprest, kantor, arkitekt Erik Langdalen, Hans-Jacob Dahl + 1 representant

Møtehandsaming:

Kyrkjeverja ber om at rådsmedlemmer som kunne tenkja seg å sitja i eitt av desse utvala om å melda dette når saka skal behandlast.

Fung. kyrkjeverge informerte om at kantor (Jørgen Brandli) har søkt om fritak frå kunstgruppa, da han i tida framover vil få mykje arbeid med montering av det nye orgellet.

Innstilling:

Saka blir lagt fram utan innstilling.

Vedtak:

Saken tas opp til ny behandling på neste møte.

SAK 72/23 BUDSJETT-2024 OG ØKONOMIPLAN 2024-27

Saksopplysninger:

Budsjett for 2024 og økonomiplan for 2024-27 legges på samme nivå som 2023, men justeres for lønns- og prisstigning.

Dovre kyrkjelege råd har en utfordrande struktur med 3 kyrkjer og 2 kyrkjegardar. Dette gjer drift av bygg og kyrkjegardane ekstra utfordrande. Me kan derfor ikkje samanliknast med andre kommunar med same innbyggartal.

Budsjett-tal og økonomiplan er ikkje klart når innkalling skulle sendast ut. Desse blir ettersende så snart dei er klare.

Vedtak:

Dovre kyrkjelege råds forslag til driftsbudsjett – 2024:

- Driftstilskudd på kr. 4 556 610,-

Begrunnelse: Driftstilskuddet er beregnet ut fra økonomisk ramme for 2023 (kr 3.615.500) tillagt 4,2 % lønnsvekst og 4 % prisvekst. For noen kostnader er det beregnet betydelig økning, bl.a. forsikring og revisjon. Disse er justert i forhold til forventet kostnad. Festeavgifter er ikke justert med prisstigning. I tillegg kommer kalkulatoriske inntekter kr 120.000 for tjenesteytingsavtale.

- Ekstraordinært tilskudd kr 121 600

Begrunnelse: DKR har betydelig merarbeid knyttet til restaurering av Dombås kyrkje etter brannen og det vil være behov for stillingen som prosjektleder fram til Dombås kyrkje er ferdig. KLP Forsikring dekker ikke egen administrasjon av skade.

Dovre kyrkjelege råds forslag til kommunens økonomiplan 2024-2027:

- Driftstilskudd videreføres på minimum 2023-nivå.

- Investering, universell utforming Dombås kyrkje 2024: kr. 1 000 000,-

Inngangspartiet tilfredsstiller ikke kravene til universell utforming. Trapp og rullestolrampe må bygges om for å imøtekommne disse kravene. Kostnad kr. 800 000,-. Garderobe i servicebygg bygges om til HC-toalett kr. 200 000,-

- Investeringsmidler til Dovre kyrkje 2026: kr. 1.000.000

Begrunnelse: Nedre inngang har setninger i murverk og råteskader i treverket, trappevangene er skeive, trinnene er korte og heller feil vei som gjør at vann renner inn i murverket. Det må lages ny grunnmur, skifte ut råteskadd treverk og bygge opp en ny og bedre trapp.

SAK 73/23 MØTEPLAN FRAM TIL SOMMEREN -24

Saksopplysninger:

Kyrkjeverja foreslår følgjande møteplan fram til sommaren -24:

Tysdag 5. desember 2023 kl. 18:00

Tysdag 9. januar 2024 kl. 18:00

Tysdag 6. februar 2024 kl. 18:00

Tysdag 5. mars 2024 kl. 18:00

Tysdag 9. april 2024 kl. 18:00

Tysdag 14. mai 2024 kl. 18:00

Tysdag 18. juni 2024 k. 18:00

Innstilling:

Kyrkjeverja sitt forslag.

Vedtak:

Tysdag 5. desember 2023 kl. 18:30 – 21:00
Tysdag 9. januar 2024 kl. 18:30 – 21:00
Tysdag 6. februar 2024 kl. 18:30 – 21:00
Tysdag 5. mars 2024 kl. 18:30 – 21:00
Tysdag 9. april 2024 kl. 18:30 – 21:00
Tysdag 14. mai 2024 kl. 18:30 – 21:00
Tysdag 18. juni 2024 k. 18:30 – 21:00

SAK 73/23 REFERAT OG ORIENTERINGER

Saksopplysninger:

- **Protokoll fra Dovre kyrkjelege råd 23. oktober 2023.**
- **Orienteringer:**
 - Kurs for menighetsråd på Otta torsdag 30. november. Påmelding til kyrkjeverja innan 19. november.
 - Kyrkjeverje Elin Marit Andgard har sagt opp si stilling. Fungerende kyrkjeverje Steinar Grønn orienterte om moglegheiter for samarbeid mellom fellesråd. Han vil sjekka ut med Sel korleis dei stiller seg til vidare samarbeid før stillingen lyses ut.
 - Møte med kommunen ved rådmann og fungerande økonomisjef 31.10.23 om investeringsbehov til Dombås kyrkje.

Innstilling:

Protokollen fra rådsmøtet 23. oktober er godkjent.
Øvrige orienteringer tatt til etterretning.

Vedtak:

Som innstilling.